



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1019 - 17/9038

Saksbehandlar:
Eli Bjørklid
Eli.Bjorklid@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2017

Gbnr 216/1 m.fl. Stusdalen. Handsaming av søknad om tilskott til tiltak i beiteområde.

Saka gjeld:

Stusdalen Beitelag søker om tilskot gjennom ordninga tilskot til tiltak i beiteområde, for å bygge bru ved Tverrvatnet og kjøpe inn 20 stk. E-bjøller. Begge desse tiltak er innafør ramma for kva tilskotet kan nyttast til.

Saksutgreiing:

Stusdalen Beitelag har dyra sine på beite i Stusdalen og vidare innover fjellet mot Tverrvatnet og Kalvedalen. Det er 8 medlemmar i laget og dei hadde i fjor 208 vaksne sau og 261 lam på beite. Laget er registrert med eige organisasjonsnummer og er søkegodt for tilskot til organisert beitebruk.

Tiltaket no er bru ved Tverrvasseidet. Brua vert 1,5m brei og 6 m lang. Den skal byggast av plank og dragere skal vere av typen telefonstolpar. Dette fell innanfor omgrepet bruer som kan få tilskot – dimensjonert for føring av beitedyr.

I tillegg vert det søkt om tilskot til innkjøp av 20 E-bjøller til fordeling mellom medlemmane i laget.

Brua er kostnadsrekna til kr.21900,. Av dette er kr.9600,- arbeidspengar.

Bjøllene kostar for tjue stykker kr.42000,-

Dei summane som er sett opp her er utan moms, då det ikkje vert gjeve tilskot til moms.

Til bygging av bru er maks tilskot 50% av goskjend kostnadsoverslag, medan maks tilskot til bjøller er 70% dersom talet på bjøller i laget ikkje overstig 50% av dei vaksne dyra på beite.

Tilråding:

Stusdalen og terrenget rundt, der Beitelaget har dyra sine er eit småkupert og uoversiktleg terreng. Det er mykje vatn og elvar og det er nok av stader der dyra kan gjøyme seg vekk. Elektoniske bjøller vil difor vere god sikring og bidrage til å finne dyra att eller kunne spore dyra dersom noko har skjedd.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Brua over Tverrvasseidet vil gjere det lettare å føre dyra fram. Her er det eit bråt og ei elv som fort kan snu dyra. Når det kjem bru vil ein få mykje mindre arbeid med å halde dyra samla her, når dyra skal ned frå fjellet.

Lindås kommune v/landbrukskontoret godkjenner kostandsoverslaget, og rår til at det vert betalt ut følgjande tilskot:

Bru:	godkjend kostnad kr.21900,-	50% tilskot	tilrådd tilskot kr.10950,-
E-bjøller :	godkjend kostnad kr.42000,-	70% tilskot	tilrådd tilskot kr.29400,-

Kontonummer er: 3640 60 40997

Søknaden skal avgjerast av fylkesmannen og søknaden vert sendt over for endeleg avgjer.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
landbrukssjef

Eli Bjørklid
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Stusdalen beitelag v/Tore Stusdal	Midtneset 31	5994	VIKANES
-----------------------------------	--------------	------	---------

Mottakarar:

Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
--------------------------	---------------	------	--------